



KOMMUNEREFORMA

Ligg an til god opp

I Nome svarar 85 prosent at dei vil møte opp ved folkeavstemminga om kommunesamanslåing. I Bø seier 80 prosent det same.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Det er resultatet i ei meningsmåling som Kanalen og Bø blad har fått gjennomført.

På grunn av at det blir gjennomført ei opinionsundersøking i standen for folkeavstemming i Sauherad har me ikkje henta inn oppmøtetal for denne kommunen.

– Tala tyder på at folk er engasjerte, seier Jarle Gulbrandsen, dagleg leiar i Norfakta, byrået som har gjennomført meningsmålinga.

Åtte prosent vil ikkje

I Nome seier åtte prosent at dei ikkje vil møte opp for å stemme, i Bø svarar ni prosent nei. Det er elleve prosent som seier dei ikkje veit om dei vil stemme av dei som er spurt i Bø. I Nome seier berre sju prosent veit ikkje

på spørsmålet.

Ser ein på Lunde og Ulefoss er det ein liten forskjell, men det er små tal. Det er sju prosent av dei i Lunde som ikkje vil møte opp, medan det er ti prosent i Ulefoss. Dermed er også veit ikkje-prosenten litt ulik, ni i Lunde mot seks i Ulefoss.

Høgare deltaking i ja-gruppa

I Bø er det 49 prosent for samanslåing og 37 prosent mot blant dei som seier at dei vil møte opp for å stemme. Det er 17 prosent for og 38 prosent mot blant dei som seier dei ikkje vil stemme.

Tilsvarande er det 39 prosent for og 48 prosent mot blant dei som vil stemme i Nome. Blant dei som seier dei ikkje vil stemme er det 28 prosent for og 51 prosent imot.

Kjønnsforskjellar

I Nome seier 87 prosent av kvinnene at dei vil stemme, medan 82 prosent av mennene seier det same. Det er seks prosent av kvinnene som seier nei og 10 prosent av mennene.

I Bø er ikkje denne forskjellen så stor, her er det 81 prosent av kvinnene som vil stemme og 79 prosent av mennene.

Blir lågare


Gulbrandsen trur ikkje det blir så høg valdeltaking når ein kjem til den 10. april.

– Folk kan ha ein intensjon om å stemme, men prosenten blir sannsynlegvis lågare, seier han.

Gulbrandsen trur at engasjementet er sterkare blant dei som vil stemme nei enn blant dei som stemmer ja, erfaring tilseier det.

Han meiner også at det bør vere ei målsetjing å mobilisere unge til å stemme.

– Det er eit generelt problem at valdeltakinga blant dei unge er låg, seier Gulbrandsen.



Jobben viktigast

Britt Sersland og Ingebjørg Soterud jobbar i kommunen. For dei er kva som skjer med arbeidsplassen viktigast.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

– Eg har ikkje vore så ivrig på å skaffe meg informasjon, seier Britt Sersland.

– Ikkje eg heller, seier Ingebjørg Soterud.

Sersland har lese litt i avisa, men dei er einig i at dei må skaffe seg informasjon før det er avstemming 10. april, om mindre enn ein måned.

– Kva er viktigast for dykk når de skal ta

ei avgjerd om kva de skal stemme?

– Eg jobbar i kommunen, det er viktig kva som skjer med jobben, seier Sersland.

– Det gjer eg òg. Det er konsekvensane for jobben som betyr mest, supplerer Soterud.

– Kva med kommunale tenester?

– Det er arbeidsplassen, kva som er att i Bø som betyr mest, det er Sersland og Soterud einige om.

